

Fra: Inge Edvardsen <Inge.Edvardsen@hfk.no>
Sendt: 27. juni 2014 15:04
Til: Bergen kommune; Askøy kommune; Fjell kommune; Øygarden kommune; Sund kommune; Post Osterøy; Postmottak Lindås; Postmottak Meland; Postmottak Radøy; Post Austrheim; Statens vegvesen - Region Vest; Hordaland Politidistrikt (Postboks 285 sentrum BERGEN); Hordaland Sivilforsvarsdistrikt; Fylkesmannen i Hordaland; Leiv Prestegård (leiv.prestegard@coastcenterbase.no); Bernhard Eriksen; post.hordaland@politiet.no; stab@hv-09.mil.no; postmottak@helse-bergen.no; firmapost@fhl.no
Kopi: Brynjulv Herheim; Hans Christian Tveitsme; Steinar Matre (steinar.matre@bergen.kommune.no); Egil Jan Larsen; Hansen, Roy (roy.hansen@Fjell.Kommune.no); Anne-Grethe Hareide (anne.g.hareide@sund.kommune.no); Gjert Holtan; Harald Stanghelle; erik.hole@politiet.no; askauby@mil.no; brit.pedersen@helse-bergen.no; tgjesdal@mil.no
Emne: Invitasjon til møte - Beredskapsplan bruene rundt Bergen
Vedlegg: Beredskapsplan bruer april 14.docx

Invitasjon til gjennomgang av utkast til beredskapsplanverk for bruene rundt Bergen

Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen har ei tid jobba med å utarbeide ein beredskapsplan for bruene rundt Bergen. Planen er no på eit stadium der vi meiner den kan kvalitetssikrast av eksterne. Dette har vi tenkt å gjennomføre i form av eit møte med gjennomgang av planen onsdag 27. august 2014.

Bakgrunn

Planen er utarbeida på bakgrunn av utgreinga i Transportberedskap for Hordaland (TransportROS Hordaland), og skal gi ein grov skildring av alternative transportløysingar ved eit brot i brusambanda Sotrabraua, Askøybrua, Nordhordalandsbrua og Osterøybrua.

Gjennomføring

Møtet er tenkt gjennomført med ein introduksjon til gjennomføring av dagen, presentasjon av eit scenario der ei eller fleire bruer vert stengt i eit lengre tidsrom. Deretter går vi gjennom scenarioet i plenum for å teste planverket og for at dei enkelte aktørane skal tenke gjennom sitt ansvar og kva konsekvensar i ei slik hending får for dei.

Mål for dagen

- Kvalitetssikre beredskapsplanen
- Kommunar og andre aktørar vert klar over sitt ansvar, og kva førebuingar dei må foreta seg
- Kontakt på tvers av etatar som har ansvar i denne typen hending
- Gjere planen kjent for verksemder som vert råka ved brustenging

Deltakarar

Kommunane Bergen, Fjell, Askøy kan stille med inntil 2 deltakarar.

Kommunane Øygarden, Sund, Meland, Lindås, Radøy, Osterøy og Austrheim kan stille med 1 deltakar.

Skyss kan stille med 3 deltakarar, Statens vegvesen med 2 deltakarar.

Hordaland politidistrikt, Hordaland sivilforsvarsdistrikt, HV-09, Sjøforsvaret, Fylkesmannen og Helse Bergen kan stille med 1 deltakar.

CCB, Statoil og Fiskeri og havbruksnæringa kan stille med 1 deltakar.

Vi ynskjer primært at personar med beredskap- transport/samferdselskompetanse møter til samlinga.

Tid og stad

Grand Hotel Terminus

Onsdag 27. august 2014

Kl. 09:00 – 15:00

Tilbakemelding om deltaking innan fredag 8. august

Vedlegg: Planutkast som det føreligg no, det vil komme endringar men prinsippa ligg fast. Oppdatert versjon av planen vert sendt ut før møtet.

Velkommen

Med helsing

Inge Edvardsen
rådgjevar
Samferdselsavdelinga | Vegseksjonen



Tlf: 55 23 93 75
www.hordaland.no

og

Brynjulv Herheim

Avdeling: Vegavdeling Hordaland
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Flyplassvegen, VOSS
Mobil: +47 46836038 **e-post/Lync:** brynjulv.herheim@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no